

Utvida søknadsfrist for aspirantar

14.04.2011



Silje Soldal fekk fin lyd i instrumentet under prøva denne veka (Foto: Thor Inge Døssland)

**Uskedal skulemusikk har fått ein avtale med Kvinnherad kulturskule og rektor Rolf Lothe om litt utvida søknadsfrist for dei som ønskjer å sökje som aspirantar for komande skuleår.
Dette gjer ein for at flest mogeleg skal sökja dette året.
Den opphavelege fristen er 15.april.**

Lothe kan elles fortelja at det kjem ny messinglærar i kulturskulen komande sesong. Kven det vert, er ikkje avgjort enno. Dei er midt i intervjurunden med aktuelle sökjarar. Lothe er imidlertid svært optimistisk med tanke på ei god løysing.

Det kan og vera lurtat dei som er aspirantar i år, sökjer vidare undervisning i kulturskulen. Det vil gje overgangen til å spela saman i skulemusikken lettare. Dersom det skulle vera nokon som har sluttar, er det veldig kjekt om dei også kjem tilbake. Å spela messinginstrument tar litt tid å lære, men når dei først har lært det, har dei ein fantastisk hobby som ein kan ha glede av heile livet!

Det er svært viktig for framtida til Uskedal skulemusikk at dei får god rekruttering dei komande åra. Dersom det er nokon som har spørsmål om opplæringa i kulturskulen, kan dei ta kontakt med Rolf Lothe direkte, eller med Torunn Døssland, mob. 905 33 304.

Av Thor Inge Døssland